



Aud og Arne Myklebust ved Fløyen, som dei med rette er stolte av. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Bergen er ikkje lenger åleine om å ha eitt Fløyen. Også Uskedalen har no fått sitt, for det er namnet på atelieret til den allsidige kunstnar Aud Myklebust. Fløyen ligg i lauvskogkrullen like ovanfor det som ho og mannen Arne har hatt som feriehus sidan 1977 og som dei har døypst Lyshuset. Men uskedelingane nyttar helst namnet Myro om staden.**



Det nye atelieret ber preg av at det er ein allsidig kunstnar som held til der. Her sit Aud ved veven. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Aud (født Sørheim) og Arne er fanastrilar, men Arne har djupe røter i Uskedalen og dei er baa sterkt knytta til bygda vår. Rundt om i Kvinnherad finn ein fleire vevnader som Aud har laga og sist påske kom vevnaden 'Kom til meg' på plass i det nye baaehuset. Aud har i mange år kombinert vevnad og måling med husmoryrket og overfor uskedalen.no avslørar ho no enda ei side av det kunstnarlege talentet sitt, nemlig diktskrivaren!

- Eg har skreve samstundes med målinga men eg har halde ein lav profil som diktskrivar. Eg starta med diktskrivinga for 30 år sidan då eg vart sjuk og sengeliggjande. Eg klara ikkje å skriva, men eg las dikta inn på band. Det hjalp meg til å bli frisk att, men eg vart ikkje det før etter 15 år, fortel Aud.

No i jula har ho dikta meir enn ho har vevd og måla og har 30 dikt på PC-en som ho enno ikkje har skreve ut. Kanskje kjem ho snart ut med ei diktsamling. Ho har fått oppmodingar frå fleire om å ta kontakt med eit forlag.

Og arbeidsplassen heretter, anten det er dikt, måleri eller vevnader det

handlar om, er Fløyen.

- Når eg skal arbeida no, går eg opp på Fløyen, fortel Aud.

- Og der får du vera i fred?

- Det hendar at Arne kjem etter, men då sit han i ro med kryssordet sitt!

Det sjarmerande, vesle huset er bygd av familien frå botn til topp og vart ferdig sist sommar. Eigentleg har planen til Aud vore å få eit atelier også heime på Nordås i Bergen.

- Eg ser ikkje bort frå at det framleis kan bli reist eit lite hus der og, men plassbehovet her i Uskedalen måtte løysast først. Her opplevde eg at alle romma vart opptekne og eg var litt i veggen med målarasakene mine. Dessuten vart det ei viss luktplage frå desse, oppsummerar Aud.

Atelieret Fløyen er det ein kan kalle ein re-investering, ho har bygt det for pengar ho har tent på vevnader.

I Uskedalen arbeider Aud best, for her har ho ikkje så mange rundt seg som som ventar noko av henne. Og på Fløyen stortrivs ho. Med panoramaet frå dalen og Ulvanåso til Gavlen framfor seg blir ho lett inspirert.  
- Fløyen er svært viktig for meg. Når familien nede i Lyshuset blir stor og kanskje litt støyande, kan eg finne stilla her. Det er det beste ved denne satsinga, seier Aud, som no har ei god tid som kunstnar.

Ho har ei bestilling inne på ein bilettev til Birkeland Menighetshus på Nesttun og ofte er ho og Arne ute i lag og foreiningar med eit program som er ein kombinasjon av dikt og bilete av hennar vevnader og måleri. Bankmannen har vore kordirigent i 50 år og nokre gongar har han med seg eit heilt kor i tillegg til at han spelar til songane !

Dikta til Aud er i stor grad bygd på eigne opplevingar, ikkje minst frå barndommen.

- Det er noko som treff folk, er hennar erfaring.

Av Ola Matti Mathisen



Denne jula har Aud Myklebust skreve mange dikt på Fløyen. Dette er eit av dei stuttaste ho har skreve: "Den som ikke har sett en høne spankulere rundt i grønt gress en varm sommerdag, vet lite om hva verdighet er". (Foto: Ola Matti Mathisen)